

Kommunalt vedlikehald

Kommunen utfører sjølv vegetasjonsrens på stader kor privat eigedom/hagar ikkje grenser mot kommunal veg.

Dette skjer maskinelt og med grovt utstyr. Det er viktig at du som grunneigar tek ditt ansvar.

Stord kommune, tekniske tenester driftar og vedlikehald kommunale vegar. Me legg særskilt vekt på tryggleik for vegfarande.

Trafikksikringsplan for Stord 2004-2007

Fylkestinget vedtok 17.02.98 "Handlingsplan for trafikksikringsarbeidet i Hordaland 1998-2007". I tiltaksdelen for 1998 -2001, pkt. 10.3, vart det lagt til grunn at alle kommunar i Hordaland skal utarbeida sin eigen trafikksikringsplan innan år 2001.

Føreliggjande rapport som er utarbeidd etter Statens vegvesen si Handbok 209, " Kommunale trafikksikringsplaner" er Stord kommune sin trafikksikringsplan. Planen har status som kommunedelplan etter føresegnene i plan og bygningsloven.


Planen er tilgjengeleg på Stord kommune si heimeside www.stord.kommune.no og ved kundetorget.

Ved å etterkoma krava i denne faldaren er du med og betrar trafikktryggleiken i ditt nærmiljø.



BYRAET 2007 • Basert på faldar utarbeidd for Bergen kommune av Konvoi

Korleis du kan vera med å skapa tryggleik i ditt nærmiljø



Stord Kommune
Borggata 2, 5411 Stord
Tlf. 53 49 66 00
Faks 53 49 66 01
www.stord.kommune.no




Planting mot kommunal veg

Store buskar og tre skal plasserast minst 2 m innanfor grensa mot den kommunale vegen.

Hekkar og mindre buskar skal plasserast minst 1 m innanfor grensa. Alle planter skal veksa innanfor eigen eigedom.

Dersom du har tre som strekkjer seg utover eigdomsgrensa er krav til fri høgde følgjande:

- over gang/sykkelveg 3,0 m
- over køyrebane 4,2 m



Avkøyrsløse mot kommunal veg, frisisiktsoner

Frisiktsona skal vera fri for sikthinder høgare enn 0,5 m over hovudvegen sitt nivå.

Tenk siktsoner og trafikktryggleik når du planleggjer planting!
Du som har avkøyrsløse frå kommunal veg skal syte for tilstrekkeleg frisikt mot vegen.

Krav til frisisiktsoner gjeld ved fartsgrensene:
- 30km/t 2m/30m
- 50km/t 4m/50m

